

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 4 | desember 2023 | Årgang 65

God jol til små og store!



Biletet er frå joletefest på nyåret 2023.

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyri 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidarar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287
tiljorunn@gmail.com

Søndagsskulen: Linda Van Moere, tlf. 943 85 859

Soknerådsleiar: Unni Solem tlf.: 905 13 446

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægredsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

Kyrkjevevjerje: Tone Felle Nesheim,

tone@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjevevjerje: Irene Vivel,

irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,

christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidarar:

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidarar og klokkar: Ingeborg Wijland,

ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari T. Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Johannes Pettersen,

johannes@eidfjordkyrkje.no, tlf. 53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik: Anne Marthe Ulvik

AU237@kyrkja.no, tlf. 924 35 096

Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, fleire medlemmer i Eidfjord vert valde seinare. Willemina van Manen, Unni Solem, Finn Johan Gjerde.

Redaktør: Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077

steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar for 2023 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og

gåver til kyrkjebladet. Kontonummer:

3626 26 78029 VIPPS: 593359

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

Nye sokneråd

ULVIK

Soknerådet hadde konstitueringsmøte 26. oktober

Unni Solem, leiar

Finn Johan Gjerde, nestleiar

Guri Kristina Batta Bjørnstad

Kjersti Annlaug Ystebø Kolås Bergo

Astrid Jordal Børsheim

Liv Marie Osa

Lars Johan Tveit 1. vara.

EIDFJORD

Soknerådet hadde konstitueringsmøte 24. oktober.

Kari Tveit Hovland, leiar

Hans Hellevang, nestleiar

Hilde Anette Oksavik Bu

Kjellaug Enge

Ole-Johnny Odland

Gunn Karin Aurdal Kjerland

Ann Kristin Steinhovden Wathne (varamedlem)

Soknerådet har ansvar for det kyrkjelege arbeidet. Fellestrådet tar seg av bygningar, anlegg, økonomi og personal. Fellestrådet har og arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i kyrkja, men det daglege ansvaret er delegert til kyrkjevevjerja. Presten har Bjørgvin Bispedøme som arbeidsgjevar, med prosten i Hardanger og Voss prosti som sin næraste leiar. Eidfjord og Ulvik er eit-sokns kommunar. Dette betyr at soknerådet også er fellestråd. I Fellestrådet sit det og ein representant frå kommunen. Denne var ikkje vald då konstitueringsmøtet vart halde i Eidfjord og i Ulvik.

Me ønsker sokneråda i Ulvik og Eidfjord lukke til i arbeide!



65. ÅR ETTER KYRKJEBLADET VART FØDT,
HEITER BISKOPEN RAGNHILD JEPSEN. HO SKRIV:



Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet. Mange stader i verda møter ein denne jola med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar, og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter jolehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von. Og likevel - framfor jola ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jola blir god. Vi har tankar om korleis jolefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller. Men er det noko den fyrste jola lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt. Jola femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att. Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling. Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med



Biskop Ragnhild Jepsen.
Foto: Bjørgvin bispedømekontor

stjernetydande vismenn, som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet! Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir født, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer, og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste. Jola er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jola fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørgje, å kjenne glede. Å bere på ei von. I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jola var eit vendepunkt i mennesket si historie. Jola er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda. Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

Ein liten prat med nyepresten

Vår nye prest, Anne Marthe Ulvik, og familien tek til å verta kjende folk i bygda.

INTERVJU: REDAKTØREN
BILETE: WILLEMINA VAN MANEN OG PRIVATE

Sjølvsagt har me møtt dei i kyrkja under innsetjing og seinare. Me har også gått over fjellet frå det andre soknet i lag med presten, mannen og tvillingane. Tvillingane har vore i 5. klasse på Brakanes skule frå skulestarten i haust. Reknar med at de har lese Brubbyggjaren og fått med dykk dette! I etterkant har me fått vita at familien har eit medlem til, ei dotter som for tida er i Nord Noreg. Ein lesar har familie der borna hadde gått i same barnehage som tvillingane, utanfor Bergen, der slekta budde då. Folk vil gjerne vita meir om dei nye ulvikingane!

Det er redaktøren sin jobb å stilla «forvitenskapen» til



Anne Marthe og eldstejenta Kristina Konstansø.

lesarane. Slikt kan gjerne føra til fleire abonnentar òg. Eg har stilt nokre spørsmål til nyepresten vår. Kva ho fortalde kan du lesa under. Ho held liturgien i kyrkja på flott nynorsk, men i ein personleg samtale vert det upersonleg og kunstig å ikkje bruka sitt eige språk. Spørsmåla vert stilte på nynorsk, og for ikkje å blanda nynorsk og bokmål, gjev eg att svara som ein direkte tale.

– Me har vorte kjende med fire familiemedlemmer, men det skal vera eit femte, og det må me få vita meir om. Anne Marthe fortel: «Eldstejenta heter Kristina Konstansø og er 20 år. Hun gjennomfører dette året førstegangstjenesten i Skjold leir i Nord-Norge. Neste halvår blir det jobb og en lengre reise utenlands, før hun starter med studier til høsten. Vi gleder oss stort til å få henne hjem noen dager før jul. Da venter familiekos, god mat og en varm og god seng. Hun ser også frem til å bli betre kjent her i Ulvik.»

– Då er det ein sjanse for at me treffer ho i kyrkja eller «på byn»! Men familien har ei fortid i bustad og arbeid i Bergen, og det må me få greie på?

«Vi bodde på Smørås i Bergen før vi flyttet til Ulvik. Jeg har tidligere jobbet som ungdomsprest og menighetsprest. De siste 13 årene har jeg vært sykehusprest på Haukeland sykehus. Det

var en veldig meningsfull jobb. Jeg kom tett på mennesker i ulike kriser i livet. Å være sammen i en sorg, i en smerte – og i gledelige hendelser - er noe av det mest meningsfulle jeg kan gjøre i jobben min. Den gode tillitsfulle samtalen kan være kilde til ny vekst, gi nye perspektiver på livet og skape vakre øyeblikk.

Mannen min har jobbet mange år i sjøforsvaret. Nå sitter han i ledergruppen på en av fregattene og seiler turnus med tre uker hjemmelpå jobb. Å flytte som barn kan være utfordrende på mange vis, og vi er imponert over hvordan tvillingene våre har omstilt seg. De har fått nye venner både på skolen og gjennom idrettslaget. Ulvik IL har mange, gode tilbud til barna, og det har blitt en god møteplass for oss.»

– Det har budd prest i Ulvik i fleire hundre år. Me trudde ikkje dette var aktuelt lenger, og preste-bustaden er no seld. Gleda og overraskinga var stor då me fekk ein ny prestefamilie til bygda!

Om å bu i Ulvik seier ho:

«Vi hadde lyst å kjøpe hus her i Ulvik. Da det ikke ble presteboligen på oss, var vi veldig heldig som fikk kjøpt et kjempefint hus på Øvre Skeie. Der kjenner vi at vi vil få det godt! Og kanskje blir det både kaniner og marsvin i hagen til våren.»

– Eg kan ikkje dy meg, men må stilla eit leiande spørsmål om kva ho synest om oss ulvikingar? Og kva me skal gjera for at dei skal verta buande i Ulvik?

«Vi har blitt hjertelig og godt tatt imot her i Ulvik, og det varmer! Gjennom høsten har det vært ulike arrangement i sentrum, gjennom idrettslaget og i kirken. Det har vært gode møteplasser! Vi ser frem til å bli enda bedre kjent med folk. Når vi som familie i tillegg er veldig glad i å gå i fjellet, både med og uten telt, og ta en båttur og dukkert i fjorden, ser vi for oss at vi kan bli boende her i Ulvik i lang tid. Det er en drøm

vi nå har gjort til virkelighet» – legg ho til med ein smil.

– For ein prest er fyrst og fremst kyrkja arbeidsstaden. Me har nett feira Lars Osa si rosemåling, og det er naturleg å spørja kva ho synest om denne kyrkja?

«Ulvik kirke er vakker både inni og utenpå. Den er plassert så sentralt og fint i bygden. For meg er det viktig at kirken er et sted vi alle kan komme til, med våre livshistorier, og kjenne oss velkommen. Om to uker skal vi ha «Lys Våken» for 11 åringene i bygden. Jeg gleder meg til å treffe dem! Da skal de få utforske kirkerommet og forhåpentligvis kjenne at det er et godt sted for dem å være.»

– Til slutt kjem eg ikkje unna å kommentera etternamnet ditt, Ulvik! Kunne me få det betre? Redaktøren hadde ein studiekamerat, E. Ulvik. Han var ein frisk bergensar, som eg hugsar godt, men ikkje har møtt sidan. No kjenner eg to med etternamn Ulvik. Har du ei forklaring på namnet, kva det tyder, og kvar det kjem frå?

«Mitt etternavn kommer fra Sørbøvåg i Ytre Sogn. Der vokste min farfar opp på gården Ulvik, som ligger i en liten bukt ved Åfjorden. Jeg har tre søstre med familier og hunder, og vi har en fin tradisjon med å samle hele storfamilien der hver sommer. At jeg nå, med Ulvik som etternavn, skulle bli sokneprest i Ulvik, er også for meg noe jeg tar med meg i livet med undring over hva som er tilfeldigheter – og hva som kanskje har lagt åpent der fremme og ventet – som Olav H. Hauge så vakkert sier: Det er den draumen me ber på – at me ein morgonstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst um.»

Redaktøren takkar for intervjuet og for hyggelege møte med familien Ulvik-Bjerke. Me ynskjer alle alt godt og ei god framtid i Ulvik!



Heile familien Ulvik-Bjerke.



Syskjeflokken Kristina Konstansø og tvillingane Emma Karoline og Hans Kristian.

«Ferie utan koffert» på tur

3. oktober skein sola fint på haustfarga fjell. Ein perfekt dag for å vera på tur. «Ferie utan koffert» var på reisefot til nabokommunen og i eigen kommune.

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Først samlast me i tunet til Indre Bjøtveit Gard. Der blei det delt minne frå gamle dagar. Så gjekk me lenger opp i tunet for å komma i hus. Gjestehuset på garden vart i si tid kjøpt frå Johannes Bjøtveit og påbygt før den blei ein del av Indre Bjøtveit Gard i 2012. Johannes Bjøtveit hadde i lag med broren sin, Gunnar Bjøtveit, møbelfabrikken Brødrene Bjøtveit AS. Heile første etasjen er innreia med møblar frå fabrikkjen. Her var det mange troll som titta fram. Fleire minne blei delte mens me naut litt kaffi og kake. Kari Vivelvi har budd



God prat i stova på Indre Bjøtveit Gard.

i huset ein vinter og etterlet seg synlege spor i spisestova og på kjøkenet.

Etter ei stund tok me beina fatt og fann vegen tilbake til bilane, fordi no skulle ferda går vidare til Bu. Middag skulle det bli. På grendehuset hjalp alle til med å dekkja på. Mens me venta på Christian som skulle komma med maten, fortalte Gunn Berit Beck om far sin, Gunnar Bjøtveit, og møbelfabrikken. Spennande forteljingar frå krigen. Maten kom, og det var nok til alle. Siv Hereid frå Vik pensjonat hadde laga ei deilig viltgryte til oss. Praten gjekk i eitt heilt til me skulle heim att.

Alle kosa seg og samla gode minne frå ei nokså kort reise utan koffert.

Har du lyst å vera med neste gong? Alle pensjonistar, eller andre som har lyst og tid, kan vera med. Me møtest 4 gongar om hausten og 4 gongar om våren. Datoane for våren 2024 er: tysdag 06.02.24, tysdag 05.03.24, tysdag 02.04.24 og tysdag 07.05.24. Alltid kl. 10:00–14:00 i Eidfjord kyrkje.



I grendehuset på Bu fortalte Gunn Berit Beck om far sin, Gunnar Bjøtveit, og møbelfabrikken.

Møte om Betel



Bygget «Betel» er eigd av Ulvik indremisjon.

16. oktober hadde me møte med Knut Sigurd Skeie og Jorid Løvtangen Skeie om Betel.

TEKST: REDAKTØREN

Det var eit hyggeleg og konstruktivt møte der alle er innstilte på å finna ei løysing, slik at huset ikkje vert ståande til nedfalls. Knut Sigurd har ei litt anna forståing av det som har vorte gjort, enn det Frode Bilsbak og Kåre Johan Hamre har. Han kommenteret òg at redaktøren har surra litt med skeienamna i Brubyggjaren nr. 2. 2023. (Bestefaren heitte Knut, faren Sjur og noverande er Knut Sigurd Skeie.) Skeiefolket har halde eit auga med Betel og tomta. Dei har mellom anna stoppa flaum og halde auga med gjerdet mot bilvegen.

Saka er komen så langt at ein veit at Ulvik indremisjon eig bygget. Eigedomen har gno. 69 br.nr 35. Ulvik sokneråd og Hordaland indremisjon har i kvar sin periode teke ansvar for bygget og utgiftene. No er straum og vatn kopla frå for å spara pengar. Ulvik indremisjon er ikkje formelt nedlagd, så laget er eigar av bygget. Tomta har ikkje vorte oppmålt og handsama etter regelverket. Det er eit ansvar som ligg på det offentlege. Kven som har ansvaret for gjerdet og tryggleiken, er òg uavklart. Både Ulvik herad og Vegstyresmaktene fråskriv seg alt ansvar. Dersom det skjer ei ulukke på grunn av at gjerdet ikkje er vedlikehalde, vil dette spørsmålet vera aktuelt. Folk utanfor indremisjonen har brukt huset, laga nye lykklar og kanskje tent pengar på bruken?! Kven som har stått bak dette og kanskje fått betaling er òg uavklart! Er bygget naudsynt forsikra?

Det vert invitert til eit møte om tankar og interesse for bruk av bygget til framtidige føremål!

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på fosterhjem.no

Heilt utruleg at det finnest fleire som er fødde i 2013!

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

«Heilt utruleg at det finnest fleire som er fødde i 2013!» Denne kommentaren fekk me høyra etter første minikonfirmantsamling på Lofthus i september. Både i Eidfjord og i Kinsarvik er det små kull. I Ullensvang sokn er det litt fleire, men ikkje så mange som er døypte. Difor bestemte me oss for å prøve noko nytt i år; Å samarbeide i alle tre sokna. Første samlinga var på Lofthus. Til andre samlinga kom me saman i Eidfjord. I november skal me til Kinsarvik. Begge samlingane me hadde fram til no, var veldig kjekke. Borna frå dei tre sokna blei kjende med kvarandre, og det var god stemning. Det var mat, lek, hobbyaktivitetar og bibelforteljning.

Me avslutta med ei kveldsgudsteneste.

Til våren skal me òg ha tre samlingar. Me skal vera i alle tre kyrkjene. Minikonfirmantåret skal me avslutta med ein overnattingsleir i Eidfjord kyrkje. Det gler me oss til. Til minikonfirmantsamlingar er alle 5. klassingane inviterte. Det er ein lang tradisjon for alle tre sokna å ha desse samlingane.



Minikyrkje på besøk i Bygdaheimen


TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

November-minikyrkja byrja heilt vanleg. Me åt middag i lag i Eidfjord kyrkja og fekk litt tid til å leika før samlinga tok ein ny vri. Me kledde på oss for å besøka Bygdaheimen. Der venta allereie nokre blide damer på oss. Me hadde samlingsstund i lag. Som vanleg med song og forteljning. Forteljninga denne gongen var salme 23 «Herren er min hyrding». Kreative var me òg. Frå piperensarar og perler blei det fine hjarta og stjerner. Sjølvsaft avslutta me med såpebobler. Det var ei kjekk stund. Me kjem heilt sikkert tilbake til våren.



Samlingstund med song og forteljning.





VISMENNENE PÅ VEG HEIM ATT

TEKST: MANUELA B. BJOTVEIT
BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Dette er eit skodespel som vart skriva til ei adventsgudsteneste med skulen i Eidfjord kyrkje.

Dei tre visemenn kjem inn. Litt musikk i bakgrunnen.

Melchior: Det er godt å vera på veg heim att.

Kaspar: Ja, det er nok det. Men dette var litt av ei oppleving. Heilt ufattelig at me fekk lov å vera med på slikt.

Balthasar: Å ja. Kan nesten ikkje tru det.

Alt begynte med at me oppdaga denne stjerna. Ei fantastisk stjerna. Eg har sett mange stjerner i livet mitt. Men aldri ei slik ei. Fin, lys og stor. Akkurat som det står i dei gamle skriftene at når stjerna går opp, er jødekongen fødd.

Melchior: Jødekongen eit lite barn med namnet Jesus. Kven skulle tru at ein konge skulle bli fødd i ein stall.

Kaspar: I alle fall ikkje eg. Derfor var jo første stoppen vår hjå kong Herodes. Men han visste jo ingenting. Han måtte til og med innkalla alle sine rådgjevarar. Dei fann òg til slutt ut det som står i skriftene. Men dei visste at jødekongen var fødd i Bethlemen.

Melchior: Å Herodes. Han er ein vond konge. Han ville lura oss.

Balthasar: Ja, hugsar de korleis han sa det: «Gå og forhøyr dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan komma og hylla det.»

Kaspar: Heldigvis varsla Gud oss i draumane våre. Eg hørte at han sende ut soldatane sine for å drepa alle gutabarn under 2 år. Eg hørte òg at Josef kom seg i sikkerhet med Maria og det vesle Jesusbarnet. Lova vere Gud.

Melchior: Jesus – eit uskyldig barn som skal gi så masse til alle menneske. Tenk dykk at me fekk lov å vera ein av dei første som helsa på han. Stjerna viste oss vegen. Ho stod rett over stallen.

Balthasar: Eg vil aldri gløyma då me kom i stallen og fann Maria der med det den vesle babyen i fanget. Ein stor glede fylte hjarta mitt.

Kaspar: Samme her. Hjarta mitt er framleis fylt med glede. Det var nok rett at me hadde me oss dyre gaver: gull, røykjelse og myrra. Verdig for ein konge.

Melchior: Einig. Eg trur på at Jesus skal fylla tallause mange hjarte med glede og kjærleik så lenge han lever, og langt tid etter han dør.

Dei tre visemenn går stille vidare. Litt musikk i bakgrunnen.

Tre kommunar, eitt kyrkjesokn med felles prest

Christoffer Johnsen kom som prest til oss i 1958. Han starta eit kyrkjeblad for soknet i 1959. Gamlepresten Ole Johan Amlie sende jolehelsing til fyrste bladet.

KYRKJEBLAD

for Ulvik, Granvin og Eidfjord.
Utgjeve av dei tre sokneråda.
Bladpengar kr. 5,00 for året.
Kjem ut i Øystese 8 gonger i året.
Redaktør:
Sokneprest Christoffer Johnsen, Ulvik.
Kasserar: Katrina Sponheim, Ulvik.
Postgiro nr. 769 66. Bankgiro 4236-458

Kontakt.

Me menneske treng kontakt. Med kvarandre. Og med Gud. Kristendomen skapar kontakt. Synda skapar isolasjon: Kva vedkjem dei andre meg?

Guds kyrkje på jorda fører menneske saman. De skal elska kvarandre! Alt det de hev gjort imot ein av desse minste brørne mine, det hev de gjort imot meg. Jesus gjer seg til eit med dei som lid vondt. Difor kan ein kristen aldri lata att augo for andre si naud. Gjer me det, misser me kontakten med Gud og. Og det er mørke for eit menneske.

«Du har skapt oss til deg, o Gud, og hjarta vårt er uroleg til dess det finn kvile i deg.»

Gud søker kontakt med kvar einskild. Han brukar kyrkja si. Og kyrkja ho har nådemidla: Ordet og sakramenta. Difor treng me kyrkja. Den store kontaktskaparen. I bygda. I landet. I verda. Ut over verda og tida her. Kontaktskaparen med menneske. Og med Gud.

Når me så sender ut Kyrkjebladet til alle heimar i Ulvik, Granvin og Eidfjord, så vonar me at det skal vera med og skapa kontakt millom oss som bur så langt frå kvarandre. Og kva meire er: At det skal skapa betre kontakt med kyrkja og med Gud...

Vil de då taka imot bladet i kjærleik og be at det må verta til signing slik Gud vil.

Jolehelsing 1959.

Sokneprest O. J. Amlie, Onøy.

Til kyrkjelydane i Ulvik prestegjeld med ynskje om nåde og fred frå Gud vår Fader og Herren Jesus Kristus.

Jesus sit ved den æveleg Guds høgre hand i himmelen og er kongen i nådens rike. Guds miskunn har han kunngjort for oss menneske gjennom evangeliet, den glade budskapet, ordet som skaper glede i menneskehjarta. Faderen elsker alle som trur på Sonen.

Vegen til Gud er for oss menneske trua på Jesus som Frelsar frå synda som tyner liv og lukke i denne verda og stengjer oss ute frå Guds rike. Den ævelege Gudsmakta er verksam mellom oss i den oppstadne og levande Frelsar. Han kom som eit lite barn til vår jord og synte oss den sanne styrken. Dei sterkaste mellom oss er dei som er born innfor Gud i tru og tillit.

Slik sette Gud Jesus på vår gamle jord, mellom slitne og trøytte menneske til oppreisning eller fall etter som me er med eller mot han. Me syng Gud æra og pris i høgtida for den store gåva han sende oss til frelsa frå fortapinga. Slik knyter me vona om eit sælt æveliv til Jesus som er den store hyrdingen for sjelene.

Hjartans takk for jolehøgtid gjennom dei mange åra saman med dykk i alle dei 3 kjære kyrkjene. Gud signe heim og helg og høgtid for folket i alle soknene. De vann mitt hjarta i dei åra eg levde mellom dykk.

Ære vere Gud i det høgste og god jol i Jesu namn.



Minnelund

Stavkyrkje

Her stod gamlekyrkja i Ulvik fram til 1858 då noverande kyrkje på Brakanes var ferdig. Ei stavkyrkje som var bygd kring år 1200, vart riven i 1710. Ny kyrkje vart bygd på tufene, til dels med vyrke frå stavkyrkja. Ein utskoren dørportal frå mellomalderen vart teken vare på og er seinare flytt til Historisk Museum i Bergen. Det same gjeld det kjende Ulvik-antemsalet, eit prakt-stykke i norsk middelalderkunst. Ein kopi av antemsalet heng i kyrkja på Brakanes, og der kan ein også sjå andre verdfulle ting frå dei gamle kyrkjene som sto her ved prestegarden. Ei gravtavle av marmor som var felt ned i kyrkjegolvet, vart også flytt. Gravene som står att her, er frå 1700 og 1800-talet.



Until 1858 this was the site of the old Ulvik church. The new church at Brakanes was completed this year. A stave church which was built around 1200 was pulled down in 1710. A stave church was constructed on the same site, using some of the old church as building materials. A beautifully carved portal from medieval times was saved and is now kept at the Historical Museum in Bergen. A copy of this antemsalet can be seen in the church at Brakanes along with some other candelabras from the churches which once stood here near the rectory. A marble gravestone which had been set into the church floor was also moved. The remaining graves here are from the 18th. and 19th. centuries.



Catharine Hermine Kølle

Catharine Hermine Kølle (1788–1859) var fyrste kvinnelege fotturist og kunstnar i Noreg. Ho vart fødd på Snarøya, men flytta til Holmen i Ulvik med søstrene og faren, og budde der livet ut frå ho var 19 år. I ei mannsdominert tid var ho ei barrierebrytande kvinne som saman med systrene sine samla bygda sine fremste kvinner og menn til diskusjon i det einaste dokumenterte parlamentet i Noreg, Ulviksparlamentet. Både Catharina og Helene Kølle har måla akvarellar og teikna kunstbilete av Ulvik så vel som utland. Eit utval bilete er i heradet si eige. Syster til Catharine Kølle, Ambrosia Kølle, død i 1855, er gravlagt her.



Borsten i Holmen, slik Catharine Kølle tegnet.

Catharine Hermine Kølle (1788–1859) was the first female hiker and artist in Norway. She was born on Snarøya, but moved to Holmen in Ulvik with her sisters and father, and lived there from the time she was 19 years old. In a male-dominated time she was a barrier-breaking woman who together with her sisters gathered the village's leading women and men for discussion in the only documented parliament in Norway, the Ulvik parliament. Both Catharina and Helene Kølle have painted watercolors and drawn art paintings of Ulvik as well as abroad. A selection of pictures is in the municipality's own. Sister of Catharine Kølle, Ambrosia Kølle, died in 1855, is buried here.

Rosemålinga 100 år



Andreas Hjeltne fortel om rosemålinga.



Kyrkjekaffi og minnemarkering.



Litt frå faldaren Andreas har laga:

Rosemåling er ein dekorativ, ornamental målestil på gjenstandar, møblar og interiør som var vanleg i fleire bygder i Noreg frå rundt 1740 til 1860. Namnet kjem frå motiva som først og fremst er frie, svinga blomstrar og blad som fyller flatene i djerve linjer og sterke og ofte raffinerte fargekombinasjonar, men bruk av skrift til namn, datering og sitat var òg vanleg. Rosemålinga var sterkt påverka av dei svulmande slyngjene til barokken og særleg dei elegante formene til rokokkoen og lette blomsterornament. Dekorasjonsforma blir i dag sett på som ein del av norsk folkekunst og husflid. Handverket er framleis levande i brukskunstmiljø i fleire byder. Rosemålinga har òg inspirert moderne norske kunstnarar.



Etterpå var det spørsmål, samtale, og sjølvsagt meir kaffi og kaker! Rosemålinga av kyrkja varde frå 1921 til 1923. Torbjørn Dyrvik har studert gamle utgåver av «Hordaland» og funne data som viser at kyrkja truleg vart opna for vanleg drift att den 7. november 1923.

To hyggelege timar i lag med nyepresten. Ho har møtt folk på mange arenaer alt, så no tek me til å verta godt kjende! Ho avslutta med å takka det soknerådet som no går ut. Brubbyggjaren sluttar seg til dei gode orda, og me trur at det gode arbeidet som har vorte gjort dei seinaste åra, vert godt ivaretekne i nye hender!

Har du grønne fingrar?

Knut Nes har stelt graver på kyrkjegarden i mange år. Han sluttar frå 2024. Ulvik sokneråd ynskjer avtale med ein ny person. Kanskje det vert deg? Ta kontakt med Kyrkjekontoret.



Gravstellavtale

Ulvik sokneråd ynskjer avtale med person som kan ta seg av stell av ein del graver. Dette er såkalla stell- og legatgraver som soknerådet har inngått avtale med pårørende om å stella.

Soknerådet har for tida ca. 60 graver som skal stellast. Stellet omfattar:

- 2 plantingar – før 17. mai og nyplanting rundt jonsok
- Jordarbeid, gjødsling, luking, og rydding om hausten
- Nokre skal også ha krans og ljøs til jol, men det er tillegg i prisen.

Arbeidet skal utførast etter fast avtalt pris per år. Ulvik sokneråd ynskjer at interesserte gjev inn tilbod på teneste seinast 31.12.2023.

For nærare informasjon, ta kontakt med kyrkjekontoret, Storøyeni 6, tel. 56 52 68 01 eller e-post wm953@kyrkja.no.

Ulvik sokneråd



TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Fyrst var det Gudsteneste med barnedåp. «Gjev keisaren det som er keisaren sitt, og Gud det som er Gud sitt», var grunntemaet i preika. Til ettertanke for alle (og ein fryd for ein gammal, yrkesskadd filolog) som er opptekne av genre og oppbygging. I Barnekroken laga småborna sine måleri sidan me skulle minnast kunstmålaren Lars Osa. Somme kjenner han og som far til felespelaren Sigbjørn Bernhoft Osa.

Sjølve minnemarkeringa kom etter gudstenesta, under kyrkjekaffien. Soknerådet hadde sett ned ei arbeidsgruppe som hadde førebudd og lese seg opp til jubileet. I gruppa var leiaren, Kjersti Bergo, Andreas Hjeltne og Finn Gjerde.

Soknerådsleiar gjennom åtte år, Knut Nes, innleia med å fortelja om arbeidet som har vorte gjort til markeringa av Lars Osa si måling av kyrkja. Han fortale òg om dei to initiativtakarane, K. K. Hjeltne og Lars E. Osa. Dei tok òg

kostnadene med arbeidet som kom på minst 10 000 kroner. Du finn meir om dette i faldaren som Andreas Hjeltne har laga. Minnesteinen over Lars Osa vart sett opp i 1967.

Han treng både tilsyn og ny oppmåling av teksten. Knut avslutta med å takka for seg og det avgåande soknerådet, og gav ordet til Andreas Hjeltne. Andreas fortalde om bakgrunnen for at han hadde fatta så stor interesse for rosemålinga. Etterpå tok han føre seg måleria av dei fire apostlane på altarveggen og kommenterte det dei viser. Til slutt nemnde han òg litt om Peter og Paulus som prydar sideveggane i koret. Den fine faldaren er eit godt dokument over soga om målinga av kyrkja. Var du ikkje i kyrkja denne søndagen, får du faldaren på kyrkjekontoret.

Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
03.12.2023	18:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Song- og ljosomesse
10.12.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste med nattverd
24.12.2023	13:30	Jolaftan	Ulvik kyrkje	Jolaftansgudsteneste
25.12.2023	12:00	1. joledag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste med nattverd
31.12.2023	16:00	Nyårsaftan	Ulvik kyrkje	Nyårsaftan-gudsteneste
21.01.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
11.02.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste + T10
25.02.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste med nattverd
10.03.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Borna sin påskefest
24.03.2024	11:00	Palmesøndag	Ulvik kyrkje	
31.03.2024	11:00	1. Påskedag	Ulvik kyrkje	

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
10.12.2023	18.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosomesse
24.12.2023	16.00	Jolaftan	Eidfjord kyrkje	Jolaftansgudsteneste
25.12.2023	12:00	1. joledag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste
14.01.2023	18:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
28.01.2024	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
11.02.2024	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
17.03.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Årsmøte
29.03.2024	11:00	Langfredag	Eidfjord kyrkje	Langfredagsgudsteneste
31.03.2024	11:00	Sundag	Liseth	Utegudsteneste

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!

ARRANGEMENT I EIDFJORD KYRKJE

3. desember	Jolekonsert med Toneskredo kl. 18.00
5. desember	Ferie utan koffert kl. 10.00
6. desember	Småbarnskafé kl. 11.00
7. desember	Minikyrkje kl. 16.00
10. desember	Ljosomesse kl. 18.00
12. desember	Adventsamling for dei største i barnehagen kl. 10.00
12. desember	Joleverkstad for småtrinnet kl. 14.00
13. desember	Småbarnskafé kl. 11.00
19. desember	Adventsamling for dei minste i barnehagen kl. 10.00
19. desember	Adventsgudsteneste for skulen kl. 12.30
20. desember	Småbarnskafe kl. 11.00
24. desember	Jolegudsteneste kl. 16.00
25. desember	Høgtidsgudsteneste kl. 12.00

ARRANGEMENT ULVIK KYRKJE

24. november	Lysvåken kl. 18.00
25. november	Barneaktivitet jolemesse
3. desember	Song- og ljosomesse kl. 18.00
13. desember	Skulegudsteneste kl. 10.00
7. desember	Jolevandring for 1. klassingane kl. 09.30
	Skulegudsteneste
6. januar 2024	Joletrefest for liten og stor, i regi av bygdekvinnelaget og kyrkja, blir på omsorgstunet. Tidspunkt kjem.

Som dagane går...

Døypte

Ulvik
Anna Hallanger
Johanne Leth Riisøen

Avlidne

Ulvik
Ole Hakestad, fødd 1957
Arne Børsheim, fødd 1947

Eidfjord
Reidar Johnsen, fødd 1931
Oddborg Magny Hjelmeland Bu, fødd 1929



FRED

Ein blåsande julekveld
set eg meg ned
og undrast korleis
vi kan skapa fred.

Fredsfyrsten var det
dei kalla han
som lyste ut fred
over folk og land.

Eg sit her og tenkjer –
Tru bodskapen når
til dei som lyt leva
der ufreden rår?

Mange trur enno
den dag i dag
at freden kan vinnast
med knyttneveslag.

Ein mann som eg møtte,
han sa det slikt:
Å tru noko anna
er dumskap og dikt!

Likevel har eg
så barnsleg ei tru,
at vi over usemja
kan byggje bru.

Det meiner no eg.
Men kva meiner *du*?

Jan-Magnus Bruheim



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)

- lysingar, gravferdssongar,

og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider

på tlf. 56 52 64 47

mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,

i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørende,

kransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER
NATURSTEIN AS

(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



ULVIK
VVS
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no



Masjinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82

MOB. 91 10 18 95



FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533

Vårt Fjell & Fjord Hjerter
er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64



Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

SparebankenVest



God jol til alle lesarar

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Redaktøren vart døypt av presten Amlie den 30. januar på to-årsdagen til bror sin. Grannen køyrde med hest og slede til kyrkja. Det var snø og kaldt, og humpa svært på isen ned til Koldemyr, vart det fortalt. Mor heldt dåpsbarnet og far bror til hovudpersonen og eldste systema, som var fire år. Ei livsfarleg ferd, ville ein sei i dag!

Det minkar på dei som har køyrt hest til kyrkje i Ulvik ein joledag. Hesten vart bunden i kyrkjegarden og hadde ein sekk

høy til niste, medan presten preika. Eg kan hugsa at presten som kom etter Amlie, Christoffer Johnsen, lånte hesten av far min og køyrde rundt kyrkjegarden etter preika ein joledag. «Hestastadlane» er framleis eit minne frå tida då folk køyrde med hest på handel!

Det lyser i stille grender skriven av
Jacob Sande, sommaren 1931.

